



MØTEBOK

Organ	Hovudsamarbeidsutvalet
Møtestad	Leikanger – Fylkeshuset, Åskora
Møtedato	22.05.2019
Kl.	10:00 – 11:15

Faste medlemmer til stades: Tore Eriksen, Øystein Hunvik, Jan Tore Rosenlund, Jasmin Eminovic, Turid Svoren (video), Svein Torbjørn Sandvold (video), Olav Vestrheim (video) og Hilde Kvamsås Aa.

Forfall til møtet: Bekka Skaasheim og Clara Øberg.

Varamedlemmer til stades: Ingen

Til stades med møte- og talerett: Ingen

Sekretariat for møtet: Arvid Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste. Sekretariatet legg innkallinga på kalenderen til medlemmane og varamedlemmane som ein fast regel. Utvalet tok stilling til at alle sakene kunne handsamast i ope møte.

I kalenderinnkallinga opplyste sekretariatet at det har oppstått problem med VISMA rapportgenerator som gjorde at vi ikkje fekk fram rett fráværstatistikk på einingsnivå. Det betyr at saka om sjukefråvær statistikk 1. kvartal 2019 ikkje vart lagt fram til handsaming. Dette kjem på sakskartet i neste møte den 18. september, der saman med oversikta frå 2. kvartal 2019.

Det vart vidare opplyst at sekretæren kan vise statistikk på individnivå og som vart sendt til handsaming i alle LAMU medio april mnd. Dette vart likevel ikkje etterspurd i HSU sitt møte.

Sekretæren la også denne gongen møteboka frå møtet 20. februar 2019 og frå føregåande møter fram for signering. Utvalet har tidlegare konkludert med at dette vert praksisen ut året 2019 og at vi ikkje tek i bruk ordninga der valde møteleiar og eit medlem godkjenner møteboka på vegner av organet.

Vidare vart innkomne rapportar frå dei LAMU som registrerte ≥ 6 % sjukefråvære i første kvartal i år lagt fram og gjort tilgjengeleg.

**SAK 6/19 Skriv og meldingar 22. mai 2019 -
hovudsamarbeidsutvalet**

VEDTAK:

Hovudsamarbeidsutvalet tek skriv og meldingar til vitande.

Leiar av HSU/FHVO Olav Vestrheim – protokolltilføring knytt til meldesak 3:

«Viser til AML 7-2 som beskriver Arbeidsmiljøutvalgets oppgaver, og jeg kan ikke se at fylkesrådmannen kan gjøre endringer i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet (AML 3-1) uten at HSU/tillitsvalgte er involvert (AML 3-1(1))».

SAK 7/19 Oppsummering av LAMU årsrapportar 2018

VEDTAK:

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet tek årsrapportane til vitande.
- 2) Hovudsamarbeidsutvalet ber Frm-personal melde attende til einingane/LAMU om avvik og utviklingsområder som er rapportert og bestiller retting og utbetring av desse områda.
- 3) Einingane kan søkje bistand frå bedriftshelsetenesta og/eller frå Frm-personal for å lukke eigenrapportert avvik eller å få bistand til utviklingstiltak.

MERKNAD

LAMU årsrapport frå Sogn Jord- og hagebruksskule var ikkje handsama i deira utval innan fristen og vert såleis lagt fram i neste møte. Det viser seg også at LAMU Hafstad vg skule sin årsrapport vart innskanna feil slik at kun annankvar side var tilgjengeleg. Dette vert også retta opp ved at den vert framlagd ved neste møte i HSU.
